

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
081/2014	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	15.10.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/2183	14/10624

### Delingssak gbnr 27/6 Kvalheim øvre - ny grunneigedom - naust

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjeve løyve til deling av gnr 27 bnr 6 til nautføremål, på følgjande vilkår:

1. Naustetomtane kan ha ein storleik på inntil 60 m<sup>2</sup> og plasserast som omsøkt. Parsell 1 må delast i to slik at kvar del vert på inntil 60 m<sup>2</sup>.
2. Kommuneplanen skal gjelde.
3. Parsellane må ha tinglyst rett til tilkomst. Erklæring om rettar/pliktar må leggjast fram for kommunen for tinglysning.
4. Heimelshavar fråsegn frå gbnr 27/85 må vere på plass før oppmåling kan skje.
5. Dei frådelte parsellane skal ikkje ha eige gards- og bruksnummer, men vere tilleggsareal til eigedomar i Radøy kommune.
  - a. Parsell 1 og 4 (halve 1) til gbnr 27/85
  - b. Parsell 2 til gbnr 27/67
  - c. Parsell 3 til gbnr 27/82

Grunngjeving av vedtaket er at søknaden er i tråd med overordna plan for området.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1m (deling) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

#### Saksopplysingar:

##### Heimelshavar

Tiltakshavar er heimelshavar til eigedomen gbnr 27/6 det er søkt deling i frå, men tiltaket strekkjer seg inn på gbnr 27/85. Tiltakshavar er heimelshavar til den eigedomen og. Det vert sett som vilkår at det ligg føre fråsegn frå heimelshavar på 27/85 før oppmåling kan skje.

##### Tiltak

Det er søkt om deling med føremål å skilje ut tomтар til eksisterande naust. Storleiken på arealet er i søknaden oppgjeve til å vere 240 m<sup>2</sup>.

Spesifikasjon av parsell(ar) som vert søkt opprettet som matrikkeleining(ar):				
Parsell nr.	Areal ca. m <sup>2</sup>	Arealtype for deling	Eventuelt journal nr	Eventuelt namn og adresse på kjøpar/festar
1	120			Mona og Trude Birkberg
2	60			Guri Bøe og Daniel Odegård
3	60			Kristen Kvistheim og Ingvill Øvre

#### **Opplysingar om omsøkt tiltak; bruk, tilkomst, vassforsyning og avlaup:**

<b>Parsellen/ane skal nyttast til<sup>5</sup></b>	<input checked="" type="checkbox"/> Sjølvstendig brukseining	<input type="checkbox"/> Tilleggsareal til	GNR:	BNR:	FNR:	SNR:
	<input type="checkbox"/> Bustadhus	<input type="checkbox"/> Offentleg verksemeld	<input type="checkbox"/> Offentleg friluftsområde			
	<input checked="" type="checkbox"/> Fritidshus <i>NAUST</i>	<input type="checkbox"/> Landbruk/Fiske	<input type="checkbox"/> Offentlig veg			

## **Dispensasjon**

Det er ikke trøng for dispensasjon frå arealføremål naust. Det er ikkje søkt dispensasjon frå føresegnehøgda i kommuneplanen som avgrensar storleiken på naustetomt til 60 m<sup>2</sup>.

## Dokumentasjon og opplysningar i søknaden

Det vert elles vist til søknad moteke 13.07.2014 og supplert 18.08.2014.

## Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som område for naust. Tiltaksgrense mot sjø er satt i arealføremålgrensa mellom naustområde og sjøen.



#### **Uttale frå annan styresmakt**

Saka er ikkje sendt på høyring då det ikkje er søkt om dispensasjon eller landbruksareal vert råka. Bruk av strandsona er satt i kommuneplanen og difor avklart.

#### **Kulturminne**


Det er ikkje registrert kjente kulturminne i området.

#### **Nabovarsling**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### **Plassering**

Plassering av eigedomen er vist i situasjonsplan datert 10.07.2014.



## Vatn og avløp (VA)

Dei frådelte parsellane skal ikkje ha vassforsyning eller avløp.

## Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Det ligg føre avtale om tilkomst som må tinglystast.

## Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Det er ikkje avdekkja tilhøve som inneberer auka risiko for uønska hendingar.

## LOVGRUNNLAG:

Saka skal handsamast etter plan – og bygningslova § 20-1 m om deling og etter naturmangfaldslova §§ 8-12.

Tomtedelinga er ikkje i tråd med grenser satt i reguleringsplan og saka vert difor lagt fram for avgjerd

i politisk utval, jf. delegasjonsreglement for Radøy kommune.

### Vurdering

Søknad om deling av naustetomtar er i tråd med arealføremål i kommuneplanen til Radøy kommune. Storleiken på parsell 1 er ikke i tråd med føresegne i kommuneplanen som sett ei grense for naustetomtar på 60 m<sup>2</sup>. På parsell 1 står det 2 naust og rådmannen vel å gje løyve til at kvart naust får si tomt.

Det er oppgjeve i søknaden at:

Frautidig eier av parsell 1 eier og 27/85  
Frautidig eier av parsell 2 eier og 27/67  
Frautidig eier av parsell 3 eier og 27/82.

Forvaltningspraksis i Radøy kommune har seinere år ikke tillette å gje naustetomtar eige gards- og bruksnummer, men lagt dei til eksisterande eigedomar i kommunen. Dette for at dei ikke skal vere sjølvstendige, fritt omsettelege objekt. I denne saka vert det satt som vilkår at parsellane vert knytt til gbnr 27/85, 27/67 og 27/82. På denne måten må parsell 1 delast i 2 og vert nemnt 1 og 4 i vedtaket.

Søkjar legg til grunn at behov for parkering skal løysast på anna areal enn naustetomtane.

Rett til tilkomst må avtalast for parsellane og tinglysast.

Det vert satt som vilkår at kommuneplanen skal følgjast.

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Rådmannen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nyttat rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen finn ikke at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

### Konklusjon

Søknad er i tråd med arealbruk satt i kommuneplanen sin arealdel. Rådmannen sin innstilling er å gje løyve til deling av 4 parsellar, på inntil 60 m<sup>2</sup> kvar, til 4 eksisterande naust. Det vert satt vilkår til løyvet.

### Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 081/2014

#### **PLT - handsaming:**

Hovudutvalet vedtok samråystes rådmannen si tilråding.

**PLT - vedtak:**

Det vert gjeve løyve til deling av gnr 27 bnr 6 til naustføremål, på følgjande vilkår:

6. Naustetomtane kan ha ein storleik på inntil 60 m<sup>2</sup> og plasserast som omsøkt. Parsell 1 må delast i to slik at kvar del vert på inntil 60 m<sup>2</sup>.
7. Kommuneplanen skal gjelde.
8. Parsellane må ha tinglyst rett til tilkomst. Erklæring om rettar/pliktar må leggjast fram for kommunen for tinglysning.
9. Heimelshavar fråsegn frå gbnr 27/85 må vere på plass før oppmåling kan skje.
10. Dei frådelte parsellane skal ikkje ha eige gards- og bruksnummer, men vere tilleggsareal til eigedomar i Radøy kommune.
  - a. Parsell 1 og 4 (halve 1) til gbnr 27/85
  - b. Parsell 2 til gbnr 27/67
  - c. Parsell 3 til gbnr 27/82

Grunngjeving av vedtaket er at søknaden er i tråd med overordna plan for området.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (tbl) § 20-1m (deling) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

**Vedlegg:**

Situasjonsplan

Delingssak Gbnr 27/6 Kvalheim øvre - ny grunneigedom